


# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 3 2018

Høverdalen - Lom - Garmo

77. årgang



*“Vil Vårherre gje’ oss sol,  
ska’ oss sjølv skaffe væte”*



## Vatn og vêr

Vêret denne sumaren har vore noko utanom det vanlege. Vi som bur i eit område der jordbruk er viktig, har nok alle tenkt på dei som skal berge fôr til dyra til vinteren. Men vi håpar alle har fått kosa seg litt med god badetemperatur sjølv i Ottaelva.

Ved alle tre kyrkjene våre er vi så heldige at vi har vatnarvatn frå elva som renn forbi, eller frå innpå fjellet, slik som i Garmo. Difor har vi i sommar fått vatna så mykje at det har vore like fint på kyrkjegardane som det plar å vera.



Foto: Guri Husom

## LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET  
3. etasje på Midtgard måndag til fredag  
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom  
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD  
Steinar Hov, tlf. 951 44 910  
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST  
Einar Gelius: 906 55 838  
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE  
Borghild Skarelsen, tlf. 481 65 527  
kyrkjeverje@lom.kommune.no

TRUSOPPLÆRAR  
Oddrun Pauline Løkken, tlf 481 65 529  
oddrun.pauline.lokken@lom.kommune.no

KYRKJELYSSEKRETÆR  
Guri Husom, tlf 481 65 528  
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR  
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR  
Jonas Fjeld  
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75  
kl. 10:00 – 14:00  
tlf. Garmo og Bøverdalen kyrkjer,  
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00  
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")  
konto: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")  
konto: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:  
Innanbygds: 150,-  
Utanbygds: 200,-  
Utanlands: 250,-

OMVISARTENESTA  
Tlf. 97 07 53 97  
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM  
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,  
Anne Sulheim, Aud Kvamme,  
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT  
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom  
TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as,  
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Framsdebilete: Ola Ø. Rossehaug

# Presten sine tankar

**Korleis står det til med kyrkja i Lom? Tal frå 2017 syner at om lag 8500 besøkande var innom dei tri kyrkjene våre det året – til messer, gravferder, bryllaup og dåp.**

Det er eit imponerende høgt tal – når ein samstundes veit at det bur i underkant av 2500 personar i vår kommune. Når ein samstundes legg til dei 40 000 turistane som var innom Lom stavkyrkje sumaren 2017, so har nærare 50 000 besøkande vore innom kyrkjene i fjor.

Det viser at kyrkja framleis står sterkt i både kommunen og landet vårt. Men no når stat og kyrkje ikkje lenger har det same bandet som før, vert det spennande å sjå om politikarane våre framleis vil støtte opp om kyrkja både økonomisk og på anna måte.

Framtida for kyrkja er av den grunn ikkje klar, og mykje er enda usikkert om både organisering og økonomi. Og prestane er ikkje lenger statstenestemenn og buplikta er borte og prestegardar vert selde.

Men det viktigaste er framleis tilhøvet mellom folk og kyrkje.

Når bygdefolket kjem til meg som prest og ber om hjelp til å få døypt ungane sine eller få gravlagd dei døde – så seier eg ofte at det er takka vera dei at kyrkja framleis er i bruk. Om ikkje bygdefolket brukar kyrkja si, ja, so vert ho på sikt ståande tom og til og med lagt ned.

I Oslo er det kome forslag no frå kyrkjeverja at 3-4 kyrkjer bør leggst ned. Kvifor? Ganske enkelt grunna at folk ikkje brukar kyrkja si lenger. Folkekyrkja i Norge består så lenge folket brukar og er engasjert i si lokale kyrkje.

Slik er det òg her i Lom. I vår kommune har vi faktisk tre soknekyrkjer. Det er utan tvil «luksus» samanlikna med mange

Det er utan tvil  
"luksus" samanlikna  
med andre stader.

andre stader. Men det er ikkje sikkert at vi om 10 eller 15 år framleis har tri kyrkjer. Det vil avhenge av bruken og bygdefolket sitt engasjement.

At vi har hatt 8500 besøkande i kyrkjene våre i 2017 syner at kyrkjene vert brukte. Men til vanlege messer sundagen kunne nok besøket ha vore høgare.

So mi utfordring til bygdefolket i Lom denne hausten er enkel og klår: Bruk kyrkja di, engasjer deg for lokalkyrkja di og ta vare på dei viktige kulturminna som kyrkjene òg er. Men fyrst og fremst er kyrkjene våre ein stad der ein kan finne kvile, trøyst, von, glede og omsut i ein hektisk og ofte vanskeleg kvardag.

**Vonar at oss sjåast i kyrkja denne hausten!**

EINAR



# Omvisartenesta i Lom

Lom Stavkyrkje er ei av dei 28 gjenværande stavkyrkjene i Noreg og er fylt med rik historie og kultur og med si gunstige plassering er ho den mest besøkte stavkyrkja i Noreg. I overkant av 40 000 besøkande bruka besøke ho årleg i opningsperioda frå midten av Mai til slutten av September. Av desse besøkande er det ikkje ein enkel nasjonalitet som prega besøkstalet meir enn dei andre, men aldeles i toppen finn vi gjester frå Tyskland, Nederland, USA, Frankrike og Spania, det kjem med andre ord gjestar frå alle verdas hjørne innom kyrkja og omvisarane har vanskar med å kome på nasjonalitetar som ikkje har tatt turen til Stavkyrkja. For å ta imot alle desse besøkande har vi omvisartenesta med ein stab talentfulle guidar av alle årgangar til gje velkomming og vidareformidling av kyrkjas 860

års historie. Parkeringsplassen utanfor kyrkja er, på sumaren, ofte fyll tupp med turbussar som då bestiller besøk og større gruppe-omvisingar i Kyrkja på blant anna engelsk, tysk, fransk, spansk og i nokre tilfelle fin og fjong norsk dersom dialekta skulle bli uklår for svenskebussane. Midt på sumaren er kyrkja si opningstid 0900-1900, men blir forkorta til 17:00 og 16:00 etter kvart som hausten nærmar seg. Lokale frå Lom, Skjåk og Vågå kjem naturlegvis inn utan å betale så dersom det skulle være interesse i å lære om kyrkjehistoria er kyrkjedørene som regel opne og med interesserte omvisarar som gjerne tek enkeltpersonar og grupper med på ei triveleg reise attende til 1158.

Med venleg helsing – Oss i omvisartenesta.



## Trusopplæringa framover:

Laurdag 20. oktober vert 5-åringane invitert til bakedag. Då skal vi bake nattverdsbrød, og litt som vi skal kose oss med å eta denne dagen.

Sundag 21. oktober vert det utdeling av 4-års boka i Lom kyrkje. Då skal vi og nytte nattverdsbrødet som var baka dagen før.

Sundag 25. november er det 3-åringane sin tur til å koma til kyrkja. Då vert det utdeling av adventskalender i Bøverdalen kyrkje.

Invitasjon til desse trusopplæringstiltaka kjem i posten. Vi gler oss på å treffe dykk!

## Kven eig dette biletet?

Vi har liggande eit bilete av konfirmantane i Lom kyrkje 1957. Dette fekk vi låne for ei tid attende, men ingen hugsar kven som lånte det bort til oss. Håpar eigaren melder seg. Det ligg på kontoret i 3. etg.



## Kyrkjelydshuset - beising

Da er snart beisinga av huset i mål. Og fint vart det! Det er mange som skal ha ein stor takk for hjelpa med dette arbeidet.

Jørn Nyøygard  
Ottar Nyøygard  
Ola Lund  
Erling Synstnes  
Anne Karin Apalseth

Randi Glimsdal Bakke  
Per Morten Mork  
Steinar Hov  
Jonas Fjeld  
Guri Husom





# KONFIRMANTAR 2018

## Konfirmantane i Lom laurdag 19. mai

1. rad Åshild Moen Helland, Kaia Svenning, Anna Skarset, Rønnaug Sandviken, Grethe Bakke, Emma Byre Forberg, Sofie Brenna, Ingrid Sandviken, Dina Moen, Grethe Marstein, prest Einar Gelius.  
2. rad Jo Mallaug, Ola Aurmo, Torgrim Angard, Sander Smedsmo Vinsrygg, Mads Kjørren, Geir Atle Krokum, Sigurd Kleiven, Martin Mundal.

## Konfirmantane i Garmø laurdag 26. mai

1. rad Prest Einar Gelius, Mari Bjørgen og Sara Ekle Løken  
2. rad Simen Ytre, Tor Hammerdalen og Bjarne Vangberg

## Konfirmantane i Bøverdalen 2. juni

1. rad Ragnhild Flaten, Marie Yong Leirdalen Risheim, Ann Kathrin Bråten og Mia Fjeld Kvandalsvoll  
2. rad Marius Lien Svestad, Håvard Hilleren Myren og prest Einar Gelius



fotograf: Marit Sletten



fotograf: Marit Sletten



fotograf: Arvid Brustuen



## Konfirmasjon 2019

I juni inviterte vi neste års konfirmanter til eit informasjonsmøte i kyrkjelydshuset. Oppmøtet var kjempebra! Tysdag 21. august var det innskriving til konfirmanntida på kontoret vårt på Midtgard. I oktober gler vi oss på den årlege «bli kjent turen» til Trondheim med dessa ungdommane, og 4. november er det presentasjonsmesse i Garmo kyrkje kl. 11:00. Dit kan alle koma for å ynskje konfirmantane velkomne.

Tidspunkta for konfirmasjon neste år er:

- Lom kyrkje laurdag 18. mai
- Garmo kyrkje laurdag 25. mai
- Bøverdalen kyrkje laurdag 1. juni

## Beisedugnader på det nye kyrkjelydshuset – TAKK!

Gjennom sumaren har Lom Kyrkjelege Råd arrangert fleire små dugnader for å få beisa det nye kyrkjelydshuset utvendig. I slutten av juni vart første strøket teke, og no 8.-9. august fekk vi teke andre strøket på tre av sidene. Det står då att ei side pluss ein del detaljar, noko vi ynskjer å få gjort ferdig i september før hausten og vinteren kjem. Vi håpar på at det er fleire som ynskjer å bidra i dette arbeidet og vi kjem til å ha ein eller fleire dugnader i september. Ta gjerne kontakt med kyrjekontoret slik at vi kan kontakte deg tilbake når dato vert fastsett ut frå mellom anna vêret.

Vi vil seie ein stor takk for dugnadsviljen vi har sett, og takkar hjarteleg alle som har stilt opp og vore med og svinga kosten til nå! Dette sparar kyrkjelyden for ein del skilling, og gjev og eit fint høve til å verte kjend med fleire på ein annan måte. Tusen takk!

For Lom Kyrkjelege Råd

*S. Skjær*

## 10 år med Lomsklangen!

Blandakoret Lomsklangen har 10-års-jubileum i år. Koret starta opp som prosjektkor i høve 850-års-jubileet til Lomskyrkja, og song for fyrste gong saman frå galleriet der under jubileumsmesa. Difor høver det at vi markerar jubileet på messa i Lomskyrkja søndag 7. oktober kl 11. Koret deltek på messa, og har konsert i kyrkja etterpå.

## Stjerna frå aust

Mange av dykk har hatt stor glede av julekonserten “Stjerna frå aust” med Geirr Lystrup og musikarar frå Russland. Sett av torsdag 6. desember allereie no, for då kjem dei att. Lomsklangen og lokal solist er med! Sjå annonsering og plakatar etter kvart.

## Blomefondet og Vipps

**vipps**

Som mange andre har og kyrkja i Lom moglegheit for å betala med Vipps. Nytt av året er at ein og kan betala seg inn i blomefondet med Vipps. Dersom du ynskjer å stå på lista, lyt du ringa det inn til “koop” på telefonnummer 992 11 665.

**Vippsnummeret er 533520**

**Lom kyrjekommune på vipps:**

Ofring: 132954

Blomefondet: 533520

**vipps**

## Møte i Prestegardens kvinneforening

**Prestegardens Kvinneforening har sett av desse møte - datoane i haust:**

Tysdag 18-september kl 1800 i Kollavegen 371

Tysdag 9.oktober kl 1800

Tysdag 13.november kl 1800

Tysdag 11.desember kl 1800

Kontakt: Anna Magni Larsen, tel: 470 76 812

Vel møtt, også om du ikkje har vore med før!

Foreininga er tilknytt Det norske Misjonsselskap, som driv kyrkjelydsarbeid, undervisning og bistandsarbeid i fleire land. Vi støtter og Bibelselskapet sitt arbeid. På samlingane våre ha vi ein enkel andakt, song, nytt frå misjonen, mykje prat, kaffe og biteti. Sjølvsaft gjev vi ei gåve til arbeidet og ber ei bøn for det. Møtestad i oktober, november og desember vert sett opp seinare. Sjå plakatanne våre, facebook eller ta kontakt!

## Kven skal styra kyrkja vår?

**Det er kyrkjeval (8.) og 9. september 2019. Kanskje skal du stilla til val? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!**

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 òg lasta ned stemmesetlar.

**Meir enn du trur**

I Den norske kyrkja er det rom for mange meiningar, men vi står saman om trua på Gud. I trusfellesskapen er det rom for meir enn du trur, og verksemda i kyrkja omfattar meir enn du trur. Ser du nærare på arbeidet med gudstenester, omsut for utsette menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk, vern om skaparverket og mykje meir, vil du oppdage eit mangfold av menneske og tenester. Korleis vil du at kyrkja skal vera? Du har høve til å påverka ved kyrkjevalet.

**Ta ansvar for kyrkja di**

Kyrkja byggjer fellesskap der du bur. Vi har ansvar for kvarandre. Det står sentralt i kyrkja sitt arbeid. I kyrkja skal det vera rom for alle. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by. Mange tendensar bryt ned fellesskapet mellom oss. Vi treng å engasjera oss for å motarbeida isolasjon og splitting. Vi må átvara mot alle teikn som tyder på forakt for veikskap. Vi vil støtte det som fremjar respekt for både skaparverket og for kvart enkelt menneske. Kyrkja di gjev mange høve for ditt engasjementet. I møta med folk i nabolaget ditt kan haldningane dine og handlingane dine utgjera ein stor skilnad. Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurdt om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

**Røysterett**

Alle medlemmar av Den norske kyrkja har røysterett i kyrkjevalet frå det året dei fyller 15. Du kan røysta på dei personane du ynskjer inn i bispedømmerådet og soknerådet der du bur. Kyrkjevalet finn stad (8.) og 9. september 2019, med førehandsrøysting frå 10. august. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemmar av kyrkja få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan gje si røyst.

**Kandidatlistar**

Soknerådet skal setja ned ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlistar. Alle kandidatlistar er sette opp i prioritert rekkjefølgje. Til dei regionale bispedømmerådssvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant), og frå andre nomineringsgrupper.

**To val**

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatar til soknerådet og til bispedømmerådet/Kyrkjemøtet. Direkte val på alle dei sju leke medlemmane av bispedømmerådet finn stad samstundes som soknerådvalet. Medlemmane av bispedømmerådet er òg medlemmar av Kyrkjemøtet, det høgaste organet i Den norske kyrkje. Bispedømmerådet tilset prestar og enkelte andre tilsette i kyrkja.

**Kva gjer soknerådet?**

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

*kjelde: [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)*



# Bøverdalskyrkja

- Ferdigstilt i 1864
- Restaurert i 1952
- Åttekanta trekyrkje
- Opprinneleg måla kvit
- Eirik Rusten var pådrivar







Tekst: Anne Sulheim / Lom heimbygdslag  
Alle bilete: Ola Ø. Rossehaug

**Hausten 1864 stod den nybygde Bøverdalskyrkja ferdig og klar til vigsling. Det var Eirik Rusten som hadde vore pådrivar for å få kyrkje.**

Det var langt frå øvre Bøverdalen og til Lomskyrkja. Det å få eit lite nyfødt barn som skulle døypast til kyrkja i alt slags vêr og til ulike årstider, kunne vera krevjande. Men utfordringa var minst like stor når ein skulle gravleggje ein av sine kjære. Den tida var det køyreveg i nedre Bøverdalen og opp til Sulheim. Vidare oppover var det berre kløvveg. Det å koma seg til Lomskyrkja tok lang tid og kunne vera utfordrande særleg med ei kiste. At ein ynskte seg kyrkje i Bøverdalen, er lett å forstå. - På denne tida bygde dei ny kyrkje i Nordberg i Skjåk. Da dei var ferdige i Skjåk, flytte fleire av laftarane over til Bøverdalen. Desse to kyrkjene er svært like og har baa åttekanta form.

På ei tavle i Bøverdalskyrkja står det om Eirik Rusten at han: «*udarbeidede Tegning til Kirken og paatog sig dens hele Oppførelse.*» Han hadde mange oppgåver. I tillegg til å vera byggeleiar var han sjølv med på mykje av arbeidet. Dessutan teikna han og planla korbogen og altartavla. – Det var nok ein stor dag den 17. november 1864 da biskop, prost og fleire prestar vigsla kyrkja!

På 1950-talet vart kyrkja restaurert. Ein fekk lagt ny skifer slik at taket vart tett. Dessutan vart det gjort ulike grep for å få kyrkja varmare. Tidlegare hadde Bøverdalskyrkja vore kvitmåla. No vart ho brunbeisa.







Del av altartavla. Det vert fortalt at Eirik Rusten skar desse figurane medan han mol kornet sitt på kverna.




Glasmåleri laga av Frøydis Haavardsholm i samband med restaurering av kyrkja på 1950-talet.



- Ljoskrona smidd av Reidar Nyrnes, med ein del av bærekonstruksjonen i kyrkja sett nedanfrå. ▲



Det er to kyrjeklokker i tårnet. På dei står det «Støbt af O. Olsen & Søn 1864».



Lesepult laga av Reidar Nyrnes.



Svanhild Røhr har dekorert og måla mykje i kyrkja m.a. endeveggen på benkane, som ein ser her.



Prosesjonskross laga av Morten Saltvik.



## Heim og ætt

### Døypte:

#### Lom:

01.04 Mari Irene Sletten Kveum  
08.07 Kristen Vole Mallaug  
15.07 Ada Kolden  
29.07 Jonathan Michael Lunn Gjeilo ☒ Kløfta  
19.08 Emil Rusten Laukholm  
19.08 Vårin Haukdalen Brandsar ☒ Skjåk  
19.08 Syver Teigen Tunold ☒ Stryn  
19.08 Ada Bjørnum Aukrust ☒ Larvik

### Vigsel:

#### Lom:

09.06 Ina Beate Sætren og Per Arne Petersen ☒ Ottestad  
16.06 Karoline Skjerpingsstad og Anders Gravingen Sørhage  
16.06 Ingrid Elisabeth Aukrust og Hans Kristoffersen ☒ Verdal  
23.06 Siv Kristin Nilsen og Ronny Johann Vestre ☒ Steinkjer  
30.06 Mari Iversen Kolden og Sindre Andal Habbestad  
☒ Nesttun  
30.06 Marit Elisabeth Hauge og Carl Martin Lykaas ☒ Oslo  
07.07 Svanhild Lyngved og Ken Espen Solheim  
28.07 Elisabeth Vegard Due og Lage Ljøterud ☒ Nøtterøy  
25.08 Siri-Kristine Mathisen og Morten Bakke ☒ Trondheim

#### Bøverdalen:

16. juni Haini Therese Pedersen og Jan Fredrik Weden ☒ Trondheim (Vigde i Røisheim kapell)  
23. juni Jeanett Sveva og Terje Engum ☒ Sandefjord

### Jordfesta:

#### Lom:

19.06 Stein Magne Skjedsvoll f. 1953  
29.06 Tora Rust f. 1925  
07.08 Ola Synstnes f. 1928  
10.08 John Nyland f. 1957  
14.08 Maria Brandsar f. 1919  
16.08 Salah Laarbi Ali Zouhar f. 1935  
31.08 Dagny Dalen f. 1928

#### Bøverdalen:

06.07 Bjørn Mundhjeld f. 1943

#### Garmo:

13.07 Lina Sole f. 1939



PRESTANE SIN VAKTTELEFON I  
NORD-GUDBRANDSDAL:

**VAKTNUMMER: 414 81 457**

Kveld/natt: Kvardagar kl 17:00 - 09:00  
Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

## Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar. **Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.**

*Har du gløymt å betala inn? Vi set stor pris på om de betalar inn snøggast råd!*

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdes abonnentar på bladet!

**Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 14. november 2018!**

## Takk skal de ha!

Vi ynskjer å sende ein takk til alle som har vore med på dugnadane våre no i vår. Med raking, planting og ikkje minst baking av noko godt til kaffen.

Tusen takk!



Tidlegare utgåver av Kyrkjeblad for Lom er utlånt av Laila Kvåle Laingen. Tusen takk!



# Glimt frå tidlegare årgangar



## KYRKJA I BØVERDALEN

I mellomtida med var det kyrkje i Bøverdalen, på Galdevollen. Det var ei stavkyrkje og bygd føre 1400. Gerhard Schønning skreiv at ho vart «avbrudt» 1650, men til messehald må ho ha vori nedlagd longe før den tida. I bygda går det elles seiande at kyrkja stod til ho reiste i ein storflaum i Bøvra. Ho stogga ved ein stein i elvefaret øvst i Kleivom. Denne steinen har sidan vortli heitande\*) Klukksteinen. (Etter Kleiven.)

Så var bygda utan kyrkje heilt til 1864. Då vart Galdekyrkja bygt. Det var litt akkedas om kvar kyrkja skulle stå, fortalde Eilev Brenna. Sume ville ha henne på Fir-kanten, eit stykke på Reppvollen som høyrer til Røysheim. Når så ikkje vart, kan vel dette koma av m. a. at nedre delen av annekset framleis hadde mest med hovudkyrkja å gjera ei tid etter at Bøverdalen vart eiga sokn og.

Eirik Rusten tok på seg å byggja kyrkja for 500 spesidalar. Men det var Lundamoen frå Skjåk som mest fekk med arbeidet å gjera, seier eldre folk. Men det er venteleg Eirik Rusten som likevel er den røynelege byggmeisteren. Det var slik i dei dagar at når nokon ofra seg mykje for å reisa Guds-hus, fekk dei velja stol i kyrkja. Rusten fekk seg stol med namnet sitt på tett ved preikestolen. Han leigde arbeidsfolket og heldt dei med kost. Kvar dag gjekk det folk med mat frå Rusten til arbeidsfolket på kyrkja. Nils Sletten fortalde såleis at han som seksårs gut var med ein slik gong. Då hadde dei nett knept svillane og lagt åsane. Nils leika seg med å hoppa frå ås til ås, sa han.

Altartavla er skoren av Eirik Rusten. Han skar eit krusifiks og. Men det hamna på mørkeloftet. Preikestolen meiner ein er skoren av Sæterdal, ein treskjerar frå Garmo. Jo Vesleøygard skar korbogen. Kyrkja vart kvitmåla utvendig med same, og har sidan ikkje vori måla før no ved reparasjonen 1952.

Kvinneforeininga i bygda har gjevi nye kyrkjestolar. Dei gamle var svært primitive. Dette var kring 1930. Dei har og kosta gardiner og golvteppe. Det var Guro Sletten som var formann i kvinneforeininga då alt dette vart gjevi.

\*) Folk fortel at det var kløkkene ein fann att ved Klukksteinen. Det høyrerest trulegast ut og.

Kyrkjelaget i Bøverdalen, formann fru Olga Bruheim, har samla inn og gjevi til kyrkja eit vakkert antependium og messehagel. Det er og dette laget som kostar ljoskrune. Ho er konstruert og bygd av Reidar Nyrnes.

Norskamerikanarar har kosta eit kapell-orgel og ljosstakar til altaret. Ei norsk-amerikanerinne har gjevi eit lite fond til pynting av kyrkjegården, av slikt arbeid som ikkje elles høyrer til kyrkjetenaren.

Den fyrste døypte i Bøverdals-kyrkja var Guttorm Repp.

Timberet i kyrkja skal vera komi frå Skjåk.

*Johs. Bruheim.*

## Ein høgtidsdag

blir det for Bøverdalen kyrkjelyd den 5. oktober når kyrkja skal takast i bruk att etter at ho har vore stengd i meir enn eit år på grunn av hovudvøling både utvendig og innvendig.

Det er 4 år no sidan denne meldinga om kyrkja vart gjeven av ei nemnd, vald av soknerådet, ved visitasen i 1948:

«Kyrkja er kald og lite tenleg til guds-teneste kaldaste vinteren. Taket lek, og har så gjort i lange tider.»

Nemnda kom så med framlegg til rådbot.

Biskop Schjelderup la i visitasforedraget sitt sterk vekt på at denne rådбота vart sett i verk så snart råd var. Vi kommenterte fråsegnene om kyrkjene og kyrkjegardane i kyrkjebladet m. a. slik: «Som fråsegnene syner, er det litt av kvart som lyt gjerast, både når det gjeld kyrkjer og kyrkjegardar. Den oppgåva som likevel skil seg ut som den viktigaste, alt sett under eitt, er **vølinga av taket på Bøverdalkyrkja**. Her er sjølve kyrkjehuset i fære for å bli øydelagt.»

Soknerådet i Bøverdalen hadde arbeidd med planar og innsamling av pengar i lengre tid med tanke på vøling og restaurering av kyrkja med god hjelp av eit par kvinnelag. Skort på medel og krigen hadde seinka og meinka med dette arbeidet.

Etter visitasen vart det arbeidd vidare med planane. Soknerådet fekk ein arkitekt til å koma med utkast til restaurering, men kunne ikkje fylgja dette anna enn i sume detaljar. Kostnaden vart for stor. Men ein kom då eit stykke på veg.



GUDSTENESTEPLAN

**Sundag 16.09.**  
GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til Friviljugsentralen.  
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Offer til Friviljugsentralen

**Sundag 07.10**  
LOM KYRKJE kl. 11:00. Fellesmesse med Skjåk.  
Lomsklangen deltek. Offer til Kyrkjelydshuset.  
**Sundag 21.10.**  
LOM KYRKJE kl. 11:00. Utdeling av 4-årsbok.  
5-åringane har baka nattverdsbrød.  
Offer til tv-aksjonen

**Sundag 04.11**  
GARMO KYRKJE kl. 11:00 Presentasjon av konfirmantane. Offer til konfirmantarbeidet i bygda.  
LOM KYRKJE kl. 19:30. Helgemesse. Vi minnest dei som har gått bort siste året.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no) , på heimesida vår: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html> eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.  
**Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

**Sundag 25.11.**  
BØVERDAL KYRKJE kl.11:00. Utdeling av adventskalender til 3-åringane. Offer til Kyrkjelydshuset.

**Sundag 02.12.**  
LOM KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse med fakkeltog på Bergje. Konfirmantane deltek.  
Offer til Frelsesarmeen  
GARMO KYRKJE kl. 18:00. Ljosmesse. Konfirmantane deltek. Offer til Frelsesarmeen

**Sundag 09.12.**  
BØVERDAL KYRKJE kl. 15.00. Ljosmesse.  
Konfirmantane deltek. Offer til Frelsesarmeen

TV-aksjonen 2018: KIRKENS BYMISJON

I fleire år har Kirkens bymisjon oppfordra folk til å strikke orange skjerf å sende til dei. Ein fast dag kvar haust blir desse skjerfa knytt opp på lyktestolpar og liknande i fleire norske byar, slik at den som treng noko å varma seg på kan ta det ned og bruke det. I fjor var det strikka 15 000 skjerf til dette formålet.  
Ta fram strikkepinnene og bli med på årets strikkedugnad! Det oransje skjerfet er til menneske som frys og til menneske som vil vise solidaritet med dei som frys og som opplever utanforskap.  
I morgonsendinga på P1 her ein morgon prata dei med Viggo Slåttsveen, som er innsamlingsgeneralen i Oppland, der han antyda at vi kanskje skulle prøve å strikke fleire skjerf enn Hedmark. Og som han sa, så likar vi alle litt konkuranse.

**Om nokon ynskjer å strikke skjerf så kan dei leverast på kyrkjekontoret. Vi betaler porto og sendar samla til Oslo.**

- Slik strikker du det oransje skjerfet:**
- Bruk oransjeskerf-garnet eller anna orangefarga garn
  - Legg opp 30 masker på pinne 6 mm
  - Strikk rillestrikk – rett frem og tilbake
  - Strikk til du har et skjerf som er ca 150 cm langt og ca 20 cm bredt
  - Beregn 4- 5 nøster per skjerf

Hjemløs ga ideen til de oransje skjerfene.  
Hobbyklubben hang i 2010 ut ullplagg for å vise frem norske håndverkstradisjoner. De oppdaget at et ullplagg utenfor kontorbygget ble tatt ned og brukt i løpet av

natten og hengt opp igjen grytidlig om morgenen. Det viste seg å være en hjemløs som brukte det til å varme seg gjennom natten.

Det ga ideen om et samarbeid med Kirkens Bymisjon, og året etter hang vi sammen ut nærmere 100 hjemmestrikkede oransje skjerf i Oslo sentrum for å spre varme og oppfordre til varme og inkludering i en mørketid som oppleves tung for mange: Mange står alene, mange går en kald høst og vinter i møte, mange gruer seg til jul.

Etterhvert som engasjementet og oppmerksomheten rundt de oransje skjerfene har eksplodert, har stadig flere begynt å bære skjerfet i solidaritet med mennesker som fryser og som kjenner på utenforskap.



Lom kommune på facebook: [facebook.com/lomkommune](https://facebook.com/lomkommune)

Lom helsesasjon på facebook!  
Lom helsesasjon er å finna på facebook, der dei deler nyting informasjon, kursmoglegheiter og liknande. No ynskjer dei seg fleire fyljarar, slik at dei når ut til fleire. Har du ikkje likt dei på Facebook enda, så er det ikkje dumt å gjera det. “Lik og del!” som det blir sagt!  
[facebook.com/lomhelsesasjon](https://facebook.com/lomhelsesasjon)

**GATEJOS I LOM KOMMUNE:**  
Det er vedteke å gjennomføre eit investeringsprosjekt for utskifting, oppgradering og nyanlegg gateljosanlegg med oppstart 2018. Av den grunn blir det nå ikkje gjort vedlikehald/feilretting på eksisterande anlegg, kun mindrefor enkelte utbetringar kan gjerast.  
Meir informasjon får du hjå Leif Morten Plassen [leif.morten.plassen@lom.kommune.no](mailto:leif.morten.plassen@lom.kommune.no)

Kven tykkjer du fortener kulturprisen? Enn kulturstipendet? Kom med forslaga dine!  
Kulturprisen blir gjeven for aktivt, frivillig og uløna kulturarbeid over lengre tid, eller for særleg fortrenestefulle einstidiltal som kjem kulturlivet i Lom kommune til gode. Det er høve til å foreslå kandidatar til kulturprisen.  
Kulturstipendet blir gjeve for å hjelpe fram ungdom med særskilde evner eller interesser på område innanfor det utvida kulturomgrepet. Det er høve til å søkje på Utdeling av pris og stipend skjer på Haustkveld under Lomsseggen torsdag 18. oktober.

Helga 18. - 21. oktober 2018 er det duka for Lomstfest, den andre i rekka. I fjor vart Lomstfest arrangert for fyrste gong, mer over 30(i) ulike arrangement gjennom heile helga.  
Haustkveld under Lomsseggen er eit av arrangementa som finn stad denne helga. Bli med på å gjera Lomstfest like bra, om ikkje betre enn i fjor! Har du eit arrangement som kan passa inn, meld det inn på [lomstfest.no](http://lomstfest.no)!





# Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 3 2018



Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
Telefon: 61 21 73 00

Telefon: 61 21 73 00  
post@lom.kommune.no  
[www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)